

Sognefjorden Vel

Sognefjorden Vel sitt føremål er å fremja ei heilskapleg forvaltning av Sognefjorden, og ei bærekraftig hausting av fjorden sine ressursar. For å oppnå dette vil vi arbeide for å auka og spreia kunnskap om Sognefjorden sitt økosystem.

Foreininga skal være eit talerøyr for Sognefjorden og vil ivareta interessene til ålmenta. Foreininga vil vere høyringsinstans i samband med planlegging og forvaltning av tiltak som påverkar Sognefjorden sitt økosystem, og som fell inn under foreininga sitt føremål.

Nokre av sakane vi jobbar med er:

Vasskraft:

Kommunane rundt Sognefjorden produserer om lag 13% av den elektriske krafta i Noreg. Vi veit for lite om korleis magasinering og endra utslippsregime påverkar den naturlege stabiliteten og vatnsirkulasjonen i fjordane, og kva dette igjen betyr for fjorden sitt økosystem. Vi meiner at dette må

inkluderast i kraftprodusentane sine konsekvensutgreiningar for å dokumentera kva slags påverknad ei utbygging vil gje, og at konsesjonane inkluderer tiltak som kan førebygge økologiske konsekvensar i fjordar i tillegg til i elvane.

Fiske i Sognefjorden:

På konferansen «Fisketom fjord» i Sogndal i 2014 vart det diskutert om det faktisk var meir fisk i Sognefjorden før. Ei utfordring for slike påstandar er mellom anna manglande tidsseriar og samling av historiske data. Vi vil arbeide for auka kunnskap om fiskebestandane i fjorden, om korleis dei har utvikla seg og kva vi kan gjere for å betre forholda i dag og i framtida.

Fredingssonar for hummar:

Hummaren er på frammarsj i Sognefjorden.

Hummaren er ein stadbunden art, og er derfor lett å fiske for mykje lokalt. Dei viktigaste yngelprodusentane er dei store hoene, og minstemål er difor ikkje eit godt nok forvaltningstiltak aleine. Vi

har foreslege at kommunane kring Sognefjorden innfører fredingssonar der ein ikkje kan fange hummar som eit tiltak for å sikre rekrutteringa. Dette arbeidet er igangsett, saman med regionrådet for Sogn.

Deponering av gruveslam.

Førdefjorden blir kanskje eit stort gruvedeponi. Nordic mining har fått fullmaktene dei treng for å deponera store massar med gruveslam på botnen av fjorden. Dette har uvisse konsekvensar for fjorden sitt økosystem i fleire år, ikkje berre i deponiperioden men også etter at deponeringa stansar. Sognefjorden Vel ynskjer ikkje at noko tilsvarande skal skje i Sognefjorden. Vi meiner at kunnskap er det viktigaste verkemiddelet vi har for å forvalte naturressursane i fjorden på best mulig måte, no og i framtida!

Kontakt og innmelding:

For å kunne halde oversikt over kva som skjer i og rundt Sognefjorden treng me støttespelarar, informantar og støttemedlemmar. Kjenner du til


aktivitet som du trur kan påverke fjorden sitt økosystem, har du idear til saker vi kan jobbe med, eller prosjekt vi kan delta i, sett vi stor pris på om du kontaktar oss via e-post til leiar (torbjorn.dale@einvest.net), eller på facebookgruppa vår, Sognefjorden Vel.

Innmelding:

Du kan melde deg inn i foreininga ved å betale 200 NOK til konto **1503 58 66334**. Merk betalinga med namn, postadresse og stad, og evt. e-postadresse. Foreingar kan teikna støttemedlemskap med å betale 1000,- året, som over.

Nettsidar / Sosiale mediar:

Besøk oss på www.sognefjordenvel.no
Her legg vi ut lenker til saker vi jobbar med.
Eller på Facebooksida vår; Sognefjorden vel.



Styret i Sognefjorden vel 2016:



Leiar: Torbjørn Dale, Nestleiar: Olav Sogndal Vestrheim, Lærdal



Skrivar: Marianne Nilsen, Fjærland Styremedlemmer:

Kasserar: Per Jarle Molland, Marifjøra



Asbjørn Massnes, Massneset Varamedlemmar:

Vidar Aasen, Solvorn



Elisabeth Dahle, Hafslo

Olav Hermansen, Gaupne